

Barne- og familiedepartementet, 5. mai 2026:

Fastsetting av sats for berekning av statstilskot til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja 2026

Satsen for berekning av statstilskot for 2026 er fastsett til: **1 611 kroner per medlem**.

Tilskotssatsen er fastsett i samsvar med [forskrift om registrering av og tilskot til trus- og livssynssamfunn](#) (trussamfunnsforskrifta) § 8, jf. [lov om trus- og livssynssamfunn](#) (trussamfunnslova) § 5 fjerde ledd.

Berekningsgrunnlaget for satsen utgjer **5 524 115 425 kroner**. Beløpet består av ein statleg og ein kommunal del. Den statlege delen utgjer 2 694 677 299 kroner og den kommunale delen 2 829 438 126 kroner.

Tilskotssatsen blir fastsett ved at berekningsgrunnlaget blir delt på talet på medlemmer i Den norske kyrkja 1. januar i tilskotsåret.

Den norske kyrkja (Dnk) sitt medlemstal per 1. januar 2026 er **3 429 749**. (Berre medlemmer som er busett i Noreg, inngår i talet.)

Statleg del av berekningsgrunnlaget

Den statlege delen av berekningsgrunnlaget kjem fram ved at beløpet som utgjorde den statlege delen av berekningsgrunnlaget i fjorårets tilskotssats, blir justert opp eller ned tilsvarende den prosentvise endringa i statsrekneskapens kapittel 880 post 70 (rammetilskot til Den norske kyrkja) frå 2024 til 2025.

Opplysningsvesenets fond (OVF) ble omgjort til det statseigde aksjeselskapet Allstad AS i september 2024. Trussamfunnsforskrifta § 8 andre ledd andre punktum, som seier at «[e]ndring i nettobidraget fra Opplysningsvesenets fond til driften av Den norske kirke, skal også tas med i reguleringen», kjem derfor ikkje lenger til bruk.

Statleg del av berekningsgrunnlaget i 2025	2 598 531 629 kroner
Endring i rammetilskotet til Den norske kyrkja frå 2024 til 2025	+ 3,7 %
Statleg del av berekningsgrunnlaget i 2026	2 694 677 299 kroner

Endring i rammetilskotet til Den norske kyrka

Statsrekneskapen for 2024 , kapittel 880 post 70	2 567 435 000 kroner
Statsrekneskapen for 2025 , kapittel 880 post 70	2 663 556 000 kroner
Kronemessig endring frå 2024 til 2025	+ 96 121 000 kroner
Prosentvis endring frå 2024 til 2025	+ 3,7 %

Kommunal del av berekningsgrunnlaget

Den kommunale delen av berekningsgrunnlaget kjem fram ved at beløpet som utgjorde den kommunale delen av berekningsgrunnlaget i fjorårets tilskotssats, blir justert opp eller ned tilsvarende den prosentvise endringa i dei netto driftsutgiftene ført på kommunerekneskapen funksjon 390 (Den norske kyrkja) frå 2024 til 2025.

Kommunal del av berekningsgrunnlaget i 2025	2 763 123 170 kroner
Endring i kommunane sine driftsutgifter til Den norske kyrkja frå 2024 til 2025	+ 2,4 %
Kommunal del av berekningsgrunnlaget i 2026	2 829 438 126 kroner

Endring i kommunane sine driftsutgifter til dei kyrkjelege fellesråda i Den norske kyrkja¹

Netto driftsutgifter på funksjon 390 i 2024	3 238 263 000 kroner
Netto driftsutgifter på funksjon 390 i 2025	3 315 417 000 kroner
Kronemessig endring frå 2024 til 2025	+ 77 154 000 kroner
Prosentvis endring frå 2024 til 2025	+ 2,4 %

¹ Kjelde: Statistisk sentralbyrå, tabell 12367: [Detaljerte regnskapstall driftsregnskapet, kommunekonsern og -kasse, etter regnskapsomfang, funksjon og art \(K\) 2015 - 2024](#).